

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden

“SKRIK”-aksjonen 2011

Ta godt i mot konfirmantane

9. november!

Meir om aksjonen på siste side



Foto: ONT

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Barne- og ungdomssider

Side 4 - 6

Kyrkjene våre


Side 7 - 10

Nytt frå kyrkjeverja

Side 11

Presentasjon av nytt sokneråd

Side 12



80 år



40 år



Den Johanneiske tonen

På cruise med MSC Magnifica sist sumar frå Venezia til Istanbul og attende var Torhild og eg óg innoim Izmir på vestkysten av den asiatiske delen av Tyrkia.

Det er mange frå Øygarden som reiser på ferieturar til Tyrkia. Eg tenkte difor eg ville peike på nokre viktige pilgrimsmål i Selçuk-området, kor me var på dagstur. (Det går óg an å kome hit via Samos i Hellas og Kusadasi.)

Det handlar om Maria sitt hus på fjellet Ala Dagh, ruinane etter St.Johanneskyrkja, og ikkje minst sjøve Efesus. Det var veldig trossstyrkande å få gå, og få be i det området som Johannes og Maria levde etter at dei emigrerte frå Israel, truleg i samband med forfølginga i Jerusalem i år 44 (e.Kr.). Slik trur eg óg de vil oppleve det.

Pilgrimsturar er viktige, men aller viktigast er det å gripe fatt i den kristne tradisjonen, finna den "tonen" som fins på stader som dette, og ta dette med oss heim der vi har fått å tena Herren.

Kjærleikens Apostel

Det var etter Jesus døydd på krossen at Johannes tok seg av Maria som hennar son slik Jesus bad han om på Golgata, heilt til ho døydd, truleg mellom 50 og 54.

Det er sikkert at Johannes (6-101) heile tida har vore Kristi sendebod, truleg rundt om i Lilleasia. Men mykje som hende desse åra ligg nok gøymt i saga. Etter den kyrkjelege tradisjonen var Johannes i alle høve frå rundt år 69 i Efesus, og styrte derifrå dei sju kyrkjelydane (og nok mange fleire) som vi kjenner frå sendebrevna i Openberringa. I år 95 vart den no gamle apostelen arrestert av den forferdelege kristenforfølgeren keiser Domitian (81-96) og forvist til den greske øya Patmos.

«Eg, Johannes, som er bror dykkar og saman med dykk har del i trengslene, i riket og vona i Jesus, eg var på øya Patmos. Dit var eg komen på grunn av Guds ord og vitnemålet om Jesus.» (Åp 1, 9).

Her møter Han den Oppstadne Frelsaren; «Eg snudde meg for å sjå kven det var som tala til meg. Då såg eg sju lysestakar av gull, og midt mellom lysestakane ein som var lik ein menneskeson, kledd i fotsid kappe og med eit gullbelte under bringa. Hovudet og håret hans var kvitt som kvit ull eller som snø, og auga som logande eld, føtene var som bronse, glødd i omnen, og røysta lydde som brusset av veldige vassmengder. I si høgre hand hadde han sju stjerner, og frå munnen hans gjekk det ut eit skarpt, tveggja sverd. Andletet var som sola når ho skin i all si kraft.» (Åp.1,12-16)

Etter at Domitian var død i år 96 og keiser Nerva (96-98) tok over, fekk Johannes reisa heim til Efesus. Her vart han etterfølgjaren til Timoteus på bispestolen, og skreiv no det fjerde evangeliet (ca.100-tallet, kanskje saman med læresveinane sine, Joh. 21, 24-25), dei tre breva vi kjenner frå NT, og altså Openberringa.

Johannes si teneste i Kyrkja er kjenneteikna i tydeleg undervisning om Jesus som Sann Gud og Sant menneske. Og om trua sin lydnd i eit heilag liv til Kristus, Frelsaren og Herren. Og i avvising av vrang lære om same.

Men alt er lært og levd med kjærleik. Kristi kjærleik. Johannes er med rette kalla kjærleikens apostel:

«Mine kjære, lat oss elska kvarandre, for kjærleiken er frå Gud, og kvar den som elsker, er fødd av Gud og kjenner Gud. Den som ikkje elsker, har aldri kjent Gud, for Gud er kjærleik. I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre.» (1.Joh.3,7-10)

Eit stort kyrkjeideal, presteideal, kristenideal! Kyrkja har alltid elska Johannes si milde røyst. Men det spør om ikkje det er ekstra trong for *Den Johanneiske tonen* i den postmoderne tida vi lever i, óg i kyrkja.

Kyrkjefaren St. Hieronymus skreiv at Johannes, då han var for gamal til å preike, kom med ei enkel helsing til kyrkjefolket: «Borna mine, elsk kvarandre». Då dei spurde kvifor han alltid sa det same, svara han: «Dette er Herrens bod, og dersom de lyder dei, er det nok i seg sjølv.»

Etter Johannes sin død (truleg gravlagt nær kyrkjeruinane i Selçuk) gjekk Evangeliet vidare gjennom læresveinar som St.Polykarp av Smyrna(Izmir), og St.Ireneus av Lyon. Frå desse og andre nådde Guds Ord til oss.

Dra gjerne til Efesus-området. Men kor vi er, og kor vi gjer teneste: Det er viktig at me óg har Den Johanneiske tonen.

At me står vakt om Guds Ord og sanninga der, men at alt me gjer må skje i Kristus og at det kan kjennast at me ber vidare Kristi kjærleik.

sokneprest@kyrkja.net

Frist for stoff til nr 6 er 24. november.



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden
 Utgjevar: Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
 Redaktør: Odd N. Thormodsæter
 Kontingent: Min. kr 125,- *innan kommunen
 Min. kr 175,- utanom kommunen
 Takkeannonsar: kr 100,-
 Kontonr. 3628.07.02557
 Trykk: Bodoni
 Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
 Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
 Telefon: 5638 2240
 Faks: 5638 2241
 Vakttelefon prest: 5638 2244
 E-post: kontor@kyrkja.net
 Heimesider: www.kyrkja.net
 Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
 E-post: kontor@kyrkja.net

Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland
 E-post: pedagog@kyrkja.net
 Telefon: 9868 3424

Kantor:

Anne Lise Grøm
 E-post: kantor@kyrkja.net
 Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

Svenn Martinsen
 E-post: sokneprest@kyrkja.net
 Tlf. 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

Björg Blom
 E-post: diakon@kyrkja.net
 Tlf. 4781 6181

Kyrkjevevjerje:

Odd N. Thormodsæter
 E-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net
 Tlf. 5638 2243/990 16 616

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Janesh Amenia 958 23 472

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelme kyrkje: 5638 8030

Råda:

Øygarden sokneråd og Øygarden kyrkjelege fellelråd:

Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti
 Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som for 5638 2244.



”

*Der det nye livet lever, der tar ingen veier slutt.
Alle hindringer og grenser har et nysatt fotspor brutt.
Hvor det flører det vet ingen, men en vandring har tatt til.
Med hele verden som sitt mål kan ingen gå seg vill.*

*Selv om landskapet kan skifte Mellom sletter, fjell og skog
Så er såkornet det samme. Men det brukes ulik plog.
Den som er et lys i verden, den som kalles jordens salt,
og den som fisker mennesker har arbeid over alt.*

*Slik som Peter og Johannes, og Maria gjorde før.
Da de delte ut sin glede, skal vi gå fra dør til dør.
Og når ordets nøkler åpner, en lukket hjertegrind
Går vi et skritt til siden slik at Jesus slipper inn.*

*Der det nye livet lever, der må planter sette frø.
Slik som dette livet startet, Ved at Jesus måtte dø.
Det er han som eier livet, det er han vi hører til.
Med Jesus som vår hyrde kan vi aldri gå oss vill.*

Som me kan sjå av teksten, handlar den om det nye livet i Jesus, som alle kan få, som seier ja til han. Livet vert nytt, og ein er ikkje lenger herre i eige liv. Teksten er full av kanaan-språk. Dvs at mange bibelsitat er brukt i versa. Dette kan vera vanskeleg å forstå. Men det er ikkje alt me forstår i Bibelen heller. Jesus sine læresveinar forsto heller ikkje det Jesus sa til dei. Likevel valde Jesus å senda dei ut som sine vitne. Oppgåva var formidabel, men Gud utrusta dei med Den Heilage Ande og dei fekk eit nytt liv.

Misjon er ein sentral del av det nye livet. Der vert me utfordra til å vera lys og salt i verda.

- Leva i lyset og lysa på Jesus.

- Salt som reinsar og gjer godt.

Men det kan også svi. Det er ikkje alltid like lett å akseptera. Dette nye livet har me fått gratis fordi Jesus tok på seg vår skuld og døydde for våre synder.

Men han stod opp att og gav oss dette nye livet.

Derfor høyrer me han til. Med Jesus som vår hyrde kan me aldri gå oss vill.

Utfordrar Astrid Rustad til «Min salme» i neste nr. av ØyNytt.

Gamalt bilete frå Øygarden. På Fløyen i 1957 - 58



*Bak frå venstre: Aud Rong, Brit Rong, Karstein Magne Rong, Håkon Rong, Olav Rong, Birger Vestheim.
Framme frå venstre: Anlaug Rong, Anna Rong, Eldbjørg Møllerup, Norunn Rong, Ingebjørg Haugetun, Margun Sundheim.
Biletet er utlånt av Anlaug Rong Jentoft*

Barna si misjonsgudsteneste med Gospel Teens

Blomvåg kyrkje var fullstappa då Barna si misjonsgudsteneste vart avvikla 25. september. Gospel Teens var med og song og stilte blant anna opp med nye og gøye tonar til fleire av liturgiledda.



Tekst og foto: Hogne Berland

Det var rikeleg med program denne ettermiddagen i Blomvåg kyrkje. Alle som går i 5. klasse, hadde fått spesiell invitasjon til gudstenesta og fekk med seg heim ein flunkande ny bibel. Lenger ut i gudstenesta vart òg nokre nye Øygardsveringar presentert. Dei er flyktningar frå Eritrea og har no busett seg i Øygarden. Gospel Teens bidrog i kjent stil med fullt band og flotte songar og preika denne søndagen vart halden av Ann-Elin Dyrøy frå NLM. Ein stor takk til alle som var i sving og gjorde denne søndagen til ein flott opplevelse!



Cowboy- og indianarkveld på Pluss-klubben

Lassokasting, ansiktsmaling, casinobasar, pil og boge og open saloon. Andakt om helter og bøller frå Bibelen, god mat og bursdagsfeiring. 19. oktober var ein travel dag på Pluss-klubben på Oen bedehus.

Tekst: Hogne, Foto: Linn

Det var høg western-faktor på Pluss-klubben denne gongen. Litt over 50 born fekk seg ein snartur til Ville Vesten, der valutaen var gullmynter og aktivitetane mange. Det var stor

prestisje i både lassokast- og pil og boge-konkurransen og ikkje minst i kåringa av beste kostyme. I andakten fekk vi høyre om ein helt og ei bølge i Bibelen. Det viste seg å vera same person, nemleg kong David. Han gjorde




mykje bra og rett, men han gjorde òg nokon forferdelege ting. Alle er litt helt og litt bølge. Slik er det å vera menneske, men vil vi vera med på vinnarlaget til slutt, må vi tru på Jesus. Han kan hjelpa oss å gjera heltemodige ting her på jorda! Kvelden vart avslutta med god mat og bursdagsfeiring av Petter Rong, som var så heldig å få seg eit ekstra stort bonusbursdagsbesøk.

Tur med bibelgruppa!

To bibelgrupper frå Øygarden slo seg saman og reiste på hyttetur første helga i september. Eine natte vart tilbrakt utandørs etter inspirasjon frå TV-programmet "Mann mot natur"!

Tekst og foto: Hogne Berland

To av bibelgruppene i Øygarden valde å starte hausten med ein skikkelig tur. Den eine bibelgruppa har til vanleg base på Vik, den andre på Tjeldstø, men første helga i september tok alle som kunne turen til Valdres. Åtte gutar og to leiarar var med. Fjelltur, suppekoking og litt kortspeling fungerte som opplading til å sove i lavvo andre natte. I tråd med "Mann mot natur"-prinsippet insisterte enkelte på å sove utanfor lavvoen i eigenprodusert gapahuk, men dei trakk fort inn i teltet etter å ha observert «ekle dyr i graset». Å ha bibelgruppe i lavvo var eit konsept som fristar til gjentakning og denne gong gjekk praten om det å vera kristen på skulen, noko som ikkje alltid er like lett. Einigheita var stor om at det vert lettare dersom ein er fleire som kan stå saman! Vi takkar Bjørg og Jakob Blom for lånet av hytta og håpar på fleire turar av same sort.



Lokalradio - overalt, alltid på Kystradioen.no

Med en nylansert webradio kan du lytte til direkte formiddagssendinger fra både Kystradioen og Radio Gnisten hvor som helst - også på mobilen.

Mange, men ikke alle, får inn både Kystradioen og Radio Gnistens direkte-sendte formiddagssendinger via vanlig FM-radio. Webradioen når alle som har tilgang til Internett, og er blitt til i et samarbeid mellom Kystradioen, Radio Gnisten og flere andre aktører. Radio Gnisten fokuserer på kristenliv lokalt og nasjonalt. Kystradioen profilerer seg med lokalt stoff fra Bergen og Kystkommunene. Begge har langt mer norskspråklig musikk enn de fleste radiokanaler har.

Få webradioen på mobilen ved å søke opp Radio Gnisten i TuneIn sin app for iPhone eller android-telefoner.

Webradioen finner du ellers på www.kystradioen.no. Den «sender»

hele døgnet - hele uken. Her finner du dessuten sendinger fra flere andre av de kristne lokalradioene i distriktet.

På vanlig FM-radio finner du Kystradioen og Radio Gnistens direkte formiddagssendinger blant annet:

Kl. 09-15 på FM 103,6 - 104,8 - 106,8 Mhz.

Se www.kystradioen.no og www.radiognisten.no for flere detaljer og sendetider.

Ungdomsmøteveke på Vik bedehus



Vegard Soltveit og Øygardsteamet planlegg ungdomsmøteveka.

10.-13. november får Øy garden besøk av ein gjeng ungdommar kjent som Osterfjordgutane. Dei skal arrangere ungdomsmøteveke i samarbeid med ungdomsklubben Ichtys på Vik. Vi tok oss ein prat med leiar for Osterfjordgutane, Vegard Soltveit.

Tekst og foto: Hogne Berland

Nokon er kanskje overraska over å høyra at dei som skjuler seg bak namnet «Osterfjordgutane» er ein gjeng med ungdommar som reiser rundt i Nordhordland og arrangerer to ungdomsmøteveker i semesteret. Og no er dei faktisk ikkje berre gutar lenger, men har fått med seg ei jente òg.

Kva driv de eigentleg med?

Vi reiser rundt til stader som ligg litt utanfor «sentrum». Det er mykje som skjer i Bergen, men vi føler eit kall til å reise litt ut i «distriktet». Vi har lyst til dette og vi trur det er viktig. Og så likar vi godt å fortelje om Jesus. Vi arrangerer møter på kveldane og prøver å treffe ungdommane der dei er. Vi syng og spelar og har andakt. Når vi er rundt, prøver vi òg å få til litt fysisk aktivitet på formiddagen. Nokon som er klare for fotball på lørdag for eksempel?

Kva er vitsen med å reise rundt og fortelje om Jesus?

Dette er livsviktig, for vi er forta pt utan Jesus. Han døydde for oss og har tatt på seg all vår skyld. Vi gjer dette for at fleire skal få leve! Vi legg opp møta for ungdommar, men er veldig glad om vaksne vil vera med.

Det vert altså møter på Vik bedehus torsdag, fredag og laurdag kl. 20 og søndag kl. 11, avsluttar Vegard, før han insisterer på at vi må ta med slagordet for Osterfjordgutane: «Me leike ikkje bedehus!»

3.-4. klasse leir: Livsglede!

Tekst: Sarah Elise Guntveit,
Foto: Therese Dale

Første leir dette semesteret er no over, og denne gongen var det 3. og 4.-klassingar som inntok Skjergardsheimen 21.-23. oktober. Engasjementet lot ikkje vente på seg, og nokre var så klar for leir at dei vakna allereie klokka 5 lørdags morgon, litt skuffa over at leiarane ikkje ville stå opp før 8. Liv og latter, stort engasjement og JESUS er viktige stikkord for å beskrive denne leiren. Borna har fått vore med på bl.a sporløp, bibeltimar, baking og ein heidundranes underholdningskveld! «Livsglede» vart årets leirsang for denne fantastiske gjengen, og ein meir sangglad og livsglad gjeng trur eg vi må leite lenge etter. Takk for denne gong! Vi vonar vi å sjå dykk att på leir neste år!



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektro.no

www.vestgarelektro.no

Den norske kyrkja i Øygarden:

Presentasjon av dei tre kyrkjene våre



Blomvåg kyrkje
80 år i 2011
Innvidg i 1931



Hjelme kyrkje
40 år i 2011
Innvidg i 1971



Hjelme gamle kyrkje
Frå 1875

Blomvåg kyrkje frå 1931



Alt frå 1900 vart tanken om ei eiga kyrkje for denne delen av Øygarden nemnt. Bygginga vart likevel ikkje realisert før i 1930 då generalkonsul og grosserer Ingwald Nielsen, busett i Oslo, men fødd i Blomvåg, melde at han ville gi bygda ei kyrkje som minnegåve etter foreldre og besteforeldre. Kyrkja skulle leverast fullt ferdig, med vilkår om at kommunen stilte fri tomt og opparbeidde grunnmur og veg.

Som arkitekt vart valt Carl Berner.

Kyrkja vart vigsla 25.11.1931.

Ein ytre borggard var noko av særpreget ved kyrkja. Folk som kom i båt skulle ha ein stad der dei kunna koma i ly for vind og regn, tørka seg etter sjøreisa og skifta klede.



Påbygg og rehabilitering

I 1982 vart det bygt sakristi mot nord og servicebygg med bårerom.

På 90-talet var det planar om ei omfattande utbygging av kyrkja for å få plass til fleire og få ein tenleg kyrkjelydssal.

Planen vart skrinlagt i 1999.

Ei større rehabilitering av kyrkja fann stad i 2009/10. Då vart det m.a. oppdaga store roteskader under golvet som måtte skiftast. I tillegg vart det skifta vindauge og det kom nytt tak utvendig.



Benkane vart bytta ut med stolar. No er det sitjeplass til om lag 250 menneske i kyrkja.

Plassen utanfor vart i 2011 asfaltert på nordsida, med belegningsstein ved hovudinnngangen.

Då kyrkja var ny, vart det ikkje opparbeidd gravplass i Blomvåg. Kistene vart førde til Herdla kyrkje heilt fram til 1941, då Blomvåg fekk sin eigen gravplass. Seinare er denne utvida både vestover og nordover.



I 2001 stod Blomvåg nye gravplass ferdig. Dei første gravene her er frå 2002.

Hjelme kyrkje frå 1971



Då Hjelme gamle kyrkje vart reist i 1875, vart ho bygd som sommarkapell i Manger prestegjeld. Det var montert omn i 1912, men det var vanskeleg å varma opp ei kyrkje utan isolasjon. Kyrkja var også trang i mange høve, og konstruksjonen gjorde det vanskeleg å få til ei utviding. Gravplassen var fylt opp, og ny gravplass vart vigsla i 1947 i Stakksmyra sør for Bakken skule. På slutten av 1950-talet kom nye vegar og bruer i soknet, og ferdsla vart flytta frå sjø til veg.

Dette var bakgrunnen for vedtaket om å byggja ny kyrkje i soknet. På eit soknemøte i 1958 var det 93 som røysta for å byggja ny kyrkje, medan 3 røysta for å restaurera den gamle kyrkja og byggja gravkapell i Stakksmyra. Alvheim krins vart også lagt til Hjelme sokn, og då vart det 600 nye kyrkje-lydsmedlemmer.

Før kommunesamanslåinga i 1964 hadde Hjelme kommune bygd opp eit fond til ny kyrkje.

Det vart valt tomt på høgda sør for gravplassen i Stakksmyra. Arne Halvorsen vart arkitekt for bygget som var inspirert av naustforma.

Under bispevisitasen i 1969 vart grunnsteinen lagt ned på tufta av biskop Per Juvkam.

13.juni 1971 vigsla Per Juvkam kyrkja som no har 310 sitjeplassar.

Orgel til kyrkja vart levert av Vestlandske orgelverkstad i Hareid.



Glasmåleriet vart laga i USA av Walter Judson, Los Angeles. Det har tittelen: "Jesus velsignaren." Det var ei gåve frå brørne Knut og Ola Hovden som hadde utvandra til Amerika tidleg på 1900-talet. Ola var til stades då kyrkja vart vigsla, i ein alder av 86 år.

Preikestolen er laga av verksemda Os treindustri. Dei to kyrkjeklokkene er det Olsen Nauen som har produsert. Inskripsjonar på desse er: "Dei skal gjeva Herren æra", "Dei skal forkynna hans pris på øyane."

Kyrkjesølv, nattverd- og dåpsutstyr, lysestakar og vasar, er levert av David Andersen.

Emma Knutsen, Hernar, laga ein alterduk til kyrkja var ny i 1971. På 1990-talet hekla Sanna Hjelme og Maria Sæle ein ny alterduk som dei gav til kyrkja.

Messehaklar, raud, grøn og fiolett, er laga av Vanpoules, Surrey.



Det har vore utført mindre endringar inne i kyrkja gjennom åra. Det er lagt skiferstein i koret, og hausten 2011 vart det sett inn nye vindauge og lagt nytt belegg og ny løpar i midtgangen. Benkane vart skifta ut med stolar.



Gravplassen på Stakksmyra, nordom kyrkja. Denne vart teken i bruk i 1948. Seinare er han utvida med to felt mot nord. Gravplassen vil dei neste åra verta utvida mot vest.

Hjelme gamle kyrkje frå 1875

Då Hjelme gamle kyrkje vart reist i 1875, hadde soknet namnet Ytre Bø, under Hordabø sokn i Manger prestegjeld. Kyrkja vart bygd etter at representantar for dei 700 innbyggjarane i soknet hadde skrivne ein søknad til Stiftsdireksjonen i 1868. Det vart halde soknestyremøte i Bø, og vedtak vart gjort om at Ytre Bø skulle få byggja si eiga kyrkje og overførast til Herdla prestegjeld. Dei to sokna i Bø kom til å arbeida saman. Dei to sokna fekk kyrkjeteikningar i lag, bad samstundes om godkjenning av teikningane og fekk same byggmeisteren, Jon Jonsen Alver. Det vart også gjort avtale om pliktarbeid og lån. Grunnmuren skulle oppførast etter akkord, og steinen skulle alle vera med på å få tak i og frakta til Hjelmevågen. Det same skulle gjelda for steingjerdet kring kyrkjegarden. Grunnmuren stod klar då trematerialane kom, frakta som rundtømmer av sju råseglskuter frå Sogn. Folk samlast til dugnaden med å bera tømmeret fram til byggjeplassen der arbeidsfolka sette i gang med flathogging av stukkane.

Kyrkja var ikkje heilt ferdigbygd då vigslingsdagen nærma seg. Heile kyrkja stod utan bordkledning, og det eine sakristiet mangla takstein. Men innan 1876 var også desse arbeida fullført, og kyrkja vart måla med lys okergul farge.

Det var prost Jakob Hveding som stod for vigslinga av kyrkja 4. august 1875.

Soknet fekk seinare endra namn til Hjelme sokn. Folket i soknet hadde lagt ned mykje arbeid med å hogga ut stein og føra han til kyrkja. Dei måtte også føra jord til gravplassen, og dei måtte betala mykje skatt til finansieringa av kyrkja. Likevel fekk ikkje Hjelme meir enn fire gudstenester i året. Først i 1890 åra auka talet på gudstenester til åtte-ni etter at Hjelme endeleg fekk konfirmasjonsgudstenester. Først ved overføringa til Herdla prestegjeld i 1916 fekk Hjelme auka gudstenestetallet til 15 i året.



Hjelme sokn vart eigen kommune i 1910. I 1912 kom det omn og ny altertavle i kyrkja.

Det var Knut Askeland frå Sæbø som måla ein kopi av Thorvaldsens kristusskulptur.

Kyrkja hadde ikkje orgel, og først i 1949 vart det kjøpt inn eit harmonium.

31. mai 1971 vart det halde avslutningsgudsteneste i kyrkja, to veker før ny kyrkje vart vigsla. Det var ein føresetnad at den gamle kyrkja skulle verta ståande og vedlikehaldast.

Tårnet vart reparert i 1975 og 1992, og kyrkja har vore måla utvendig.

På 1970-talet vart det halde nokre 17.mai-gudstenester i kyrkja. Seinare har det vorte vanleg med ei årleg gudsteneste om sommaren. Kyrkja vert av og til brukt som bryllupskyrkje og til konsertar i sommarhalvåret.



NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Nytt formannskap i Øygarden

12. oktober konstituerte det nye kommunestyret i Øygarden seg. Her presenterer vi formannskapet dei neste fire åra.



Frå venstre: Olav Martin Vik og Børge Haugetun, TVØ, Anne-Grethe Solbakk, varaordfører, høgre, Otto Harketstad, ordførar, AP og Liv Edel Mikkelsen AP.



Far og son Harketstad

Far, Otto og sonen Espen har no teke til på sin tredje periode saman i Øygardspolitikken.

Arbeid i Hjelme kyrkje

Rehabiliteringsarbeidet under leiing av Jan Inge Blom i Bhasbygg går som planlagt. I desse dagar vert det lagt siste hand på nytt golvbelegg og ny løpar i midtgangen. Tidlegare i månaden er det sett inn nye vindauge. Nye stolar vil også vera på plass til opninga. Kyrkjetenarane våre er i full gang med vasking og støvsuging slik at kyrkja kan presenterast på ein god måte søndag, 30. oktober. Velkommen til gudsteneste denne dagen og til kyrkjekaffi etterpå der vi markerer at kyrkja er 40 år. Det vert m.a. helsing frå ordførar Otto Harketstad, intervju med Magnus Hellesund som var byggmeister ved reising av kyrkja i 1970/71. Sjå elles omtale av kyrkja på midtsidene.



Ein konsekvens av ordførarvalet er at Olav Martin Vik kjem attende i kyrkjevejestillinga, ei stilling han har hatt permisjon frå i ordførarperioden sin i over 10 år.

Staben i Den norske kyrkja i Øygarden vil ønskja han hjarteleg velkommen inn i stillinga att, samtidig som noverande kyrkjeveerje går over i pensjonistane sine rekkjer.

I det same kommunestyremøtet vart noverande kyrkjeveerje, Odd N. Thormodsæter takka av nyvald ordførar for den tenesta han har utført i denne perioden.



Nettverksmøte for kyrkjeveerjer i kafeen på Glesvær i Sund 17.10.11.

Kyrkjeveerjene i Vesthordland, Bergen og Midthordland har faste nettverksmøte for å drøfta felles utfordringar i tenesta. Denne gongen var det Sund som var vertskap.



Første rekke frå venstre: Annlaug Børve, kyrkjeveerje i Fjell, Gerhard Hansen, kyrkjeveerje i Os, Odd N. Thormodsæter, avgåande kyrkjeveerje i Øygarden, Olav Martin Vik, påtroppande kyrkjeveerje i Øygarden, Beate Husa, kyrkjeveerje i Sund, Ove Chr. Fredriksen, Økonomi og eigedomssjef i Bergen,
Andre rekke: Håkon Andersen, driftsleiar på Askøy, Jan-Torres Nordstrand, kyrkjeveerje i Austevoll, Geir Viksund, kyrkjeveerje på Askøy, Harald Geir Sæter, kyrkjeveerje i Fusa, Kjell Bertel Nyland, kyrkjeveerje i Bergen



Framme frå venstre: Astrid Nautnes Rustad, Bjørg Fjeldstad, Svern Martinsen, Ingebjørg Martinussen, Erling Vik, Turid Toft Ameyna. Bak frå venstre: Monica Breivik, Øyvind Solsvik, Råmund Skjold, Andreas Kårbø, Jakob Blom.

I det konstituerande møtet 27.10 vart Erling Vik valt til leiar og Råmund Skjold til nestleiar.

Det vart m.a. vedteke å ha same leiar og nestleiar for både

soknerådssaker og fellesrådssaker. Når kommunen 9. november har valt sin representant til fellesrådet vil dette bli etablert med møte 24. november.

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker



Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



NIGHT OF WORSHIP

fredag 18. nov kl. 20.00

i Øygarden Kulturhus.

**Trygve Helleesen med band leder
lovsangen, og Viggo Wilhelmsen gir
oppmuntringer fra bibelen**

arr: INRI

**Kjøp
kjapt,
trygt
og billig**
KIWI mini
pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.
Arrangerer bryllaup,
konfirmasjoner og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80

Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59



Asane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000



**Fotterapi på Tednebyggane
omsorgssenter,**

Hver onsdag kl 0900 – 15.30.

Timebestilling

Salg av gavekort.

Kontakt Tove Berentsen mob nr. 97573421

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume | samme hus som Ligningskontoret |



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

med 1000m²

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk- og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat- og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

Velkommen til oss

Catering:

- Varm Mat
- Baguetter
- Koltallerken
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf.: 56 38 74 54

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumkrem og -briller

B-P-S Solutleige

v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf. 56 38 74 54 Kvebl. 56 38 73 72

Mobil: 918 56 258

Vi formidler blomster til innland og utland

Blomsterbua

Rong Senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

INTERFLORA

trend frisør

RONG SENTER

Egne priser for pensjonistar
Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
 - Nybygg
 - Rehabilitering
 - Montering og utleige av brakker
- Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967
- Trelastlager Tjeldstø



Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

- Massasje
- hudpleie
- fotpleie
- voksing mm

ØYGARDEN
HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter
Tlf.: 56 38 95 15



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Minibokhandel på kyrkjekontoret

Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

DØDE

Blomvåg

- Endre Gjertin Torsvik, Torsvik f. 1918
- Berta Ragnhild Toft, Toft f. 1922
- Samuel Jakobsen, Rong f. 1928

Hjelme

- Judith Marie Hatten, Straumsnesvegen f. 1923
- Anny Alfhild Fjeldstad, Tjeldstø f. 1921



GUDSTENESTER

06. nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp.
Nattverd

13. nov Hjelme kyrkje kl. 11:00
Familiemesse v/ E.Hjortland. Dåp.
Nattverd

20. nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ S.Martinsen. Taler frå
NLM. Dåp. Nattverd

27. nov Hjelme kyrkje kl. 11:00
Familiogudsteneste v/ S. Martinsen.
Utdeling til 4 og 5 åringar. Song av
Barnekantoriet og Øygardskoret.
Kyrjekaffi

04. des Blomvåg kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ E.Hjortland. Nattverd.
Barnesamling under preika

11. des Hjelme kyrkje kl. 11:00
Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd

DØYPTE

Blomvåg:

- Oliver Jåstad, Blomvåg
- Christopher Bru Waardal, Vikatoppen
- Theodor Sekkingstad Torsvik, Torsvik
- Siri Mona Alvheim, Veslevarden

Hjelme:

- Thea Kuven, Arsettunet
- Madelen Børmo Myren, Dammane
- Martine Bakken, Ådnevik
- Olivia Petrikke Kleppstø, Kvalen
- Aila Marie Lundestad Solvang, Nautnes

VIGDE



Blomvåg

- Tone Linda Steinskog og Trond Lie Sture
- Camilla Dale og Helge Morten Hellesund
- Line Rong Fureberg og Paal Fureberg



Glimt frå utdeling til 4-åringar i Blomvåg 23. oktober.

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

 Knut Helge Polden	 Espen Polden	 Tom Wilson	 Heine Polden
--	---	---	---

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN Teatergt. 20 5010 Bergen Tlf: 55 21 44 50	AVD. SOTRA 2.etg på Shellstasjonen Sartor, 5353 Straume Tlf: 55 21 44 50	
---	--	---

BESØK I HEIMEN?

Ønskjer du å få besøk av prest eller diakonimedarbeidar i heimen? Ta gjerne kontakt med kyrjekontoret, så skal vi vidareformidla ønsket ditt! Telefon: 5638 2240. E-post: kontor@kyrkja.net



«SKRIK»-AKSJONEN 2011

I år arrangerer konfirmantane innsamlingsaksjon. 9. november må du rekne med å få besøk på døra dersom du bur i Øygarden. Ta godt i mot konfirmantane når dei kjem!

Tekst og foto: Hogne Berland og CHRISC

Klokka fem på ettermiddagen onsdag 9. november samlast konfirmantane på Rong senter for å gjere seg klar til innsats. Her blir dei utstyrt med bøsser og identifikasjonskort før dei skal ut i "felten". Planen er at alle husa i Øygarden skal få besøk denne kvelden.

SKRIK-aksjonen er eit samarbeid mellom Strømmestiftelsen og KRIK. (Dette vert forkorta til SKRIK) I Noreg fins det mange KRIK-lag. Øygarden har og sin eigen klubb som samlast på gamleskulen på Toftøy kvar fredag kl. 19. Her treffest ungdommar frå 8. klasse og oppover for å vera i fysisk aktivitet og for å høyre på andakt.

Pengane frå SKRIK-aksjonen går til KRIK sitt internasjonale arbeid. Det er nemleg ikkje berre i Noreg at KRIK driv arbeid. KRIK sin internasjonale avdeling, CHRISC, driv mange lag utanfor Noregs grenser. Det meste av arbeidet går føre seg i Tanzania, Kenya, Rwanda og Uganda i Aust-Afrika. Dei engasjerer meir enn 22000 born og unge i meiningsfulle fritidstilbod. I tillegg til idrett driv CHRISC med informasjon, helsearbeid, utdanning og sjølvsgt med forkyning av evangeliet.

Midlane som konfirmantane i Øygarden klarar å samla inn vil gå



rett til vidare drift av dette arbeidet. Det er ingen tvil om at det vi får inn vil forandra liv for mange ungdommar. Mykje av arbeidet skjer på stader der det einaste alternativet til CHRISC er eit liv med dop, alkohol og gjengkriminalitet.

Uganda var det fyrste landet CHRISC starta opp arbeid i. Det skjedde i 1993. I dag er det aktivitet i fem ulike distrikt og CHRISC har

sitt eige ligasystem for volleyball- og fotballag. Nokre stader er mange av ungdommane tidlegare barnesoldatar i borgarkrigane som har herja landet. På CHRISC får dei oppfølging av trygge, gode og omsorgsfulle leiarar.

Vi vågar å be om ei solid gåve til dette viktige arbeidet den 9. november. Konfirmantane har forebudd seg godt, så spør dei gjerne ut om kva pengane går til!